



Hardangerrådet iks



PRESSEMELDING

Rio Ota er tildelt Den Kongelige Norske Fortenesteorden, og tildelingsseremonien fann stad tysdag 31.01.2023 på den norske ambassaden i Tokyo.

Hardangerrådet gratulerer henne med denne utnemninga. Me er stolte på hennar vegne, og takksame for det store arbeidet ho har gjort for vår region.



Her er litt informasjon om hennar store arbeid:

Rio Ota med kunstnavnet Rio Yamase har med si Hardingfele og entusiasme for vår kultur i Norge og på Vestlandet formidla norsk musikk, norsk kultur og norske komponistar til Japan og ut i verda, og ho har m.a. gjort dette:

- Etablert eit Hardingfeleinstitutt i Tokyo med meir enn 40 elevar, der utvalde masterelevar har vore på utveksling til Norge.
- Hennar hardingfelespel kan du høyre m.a. som hovedtema i den verdskjente teiknefilmen "Aoki" av Shintaro Ishihara
- Ho har spelt Edvard Grieg-musikk som solist på hardingfele med Japan Philharmonic Orchestra
- Delteke på nasjonalt TV i Japan med hardingfela i programmet: "Excellent pieces"



Hardangerrådet iks



- Utnemnd til Hardanger Goodwill ambassadør, gjeve ut bok om Norge ("Happiest nation Norway") der ho har intervjuet mange viktige norske personar
- Undervist på Kansai Universitet i Japan om Norge.

Rio Yamase har i heile sitt vaksne liv arbeidd med hardingfela og norsk musikk, og ho opptretr som regel i sin eigen Hardangerbunad.

Hennar langsiktige forretningsstrategier og omfattende nettverksbygging har hatt stor betydning for mange norske reiselivsverksemdar, særskilt i distrikts-Norge. Ringverknadane av innsatsen hennar både innan turisme og kultur, kan derfor seiast å vera betydeleg i norsk nasjonal målestokk.

Kontaktperson:

Jostein Eitrheim, dagleg leiar Hardangerrådet iks tlf: +47 476 69 524

